



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
17/116199-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
26.09.2018

Merknad til 2. gangs høyring av reguleringsplan for Sjurneset, plan-id 1263-201501 – Lindås kommune

Vi viser til 2.gangs offentleg høyring av reguleringsplan for Sjurneset, med frist sett til 28.09.2018.

Planområdet for reguleringsplan Sjurneset ligg på nordsida av Hindenesfjorden, med tilkomst frå kommunal veg Hosøyvegen. Ved oppstart av planarbeidet ba vi om at kryss mellom Hosøyvegen og fv. 394 Stranda vart teke med i planavgrensinga, slik at ein kunne vurdere trafikksikre løysingar både på den kommunale veggen og i kryss med fylkesvegen. Lindås kommune har vurdert at trafikkauken i området ikkje vil vere av eit slik omfang at utbygger kan påleggast å regulere eller opparbeide krysset.

Planendringar til 2.gangs offentleg ettersyn

Til 2. gang offentleg ettersyn har ein mellom anna auka med 2 nye bustader innanfor planområdet, i høve til tidlegare framlegg. Med den utbygginga og aktiviteten ein legg opp til i planframlegget, bør ein etter vårt syn vurdere krav om tryggingstiltak for mjuke trafikantar internt i planområdet og på kommunal veg fram til kryss med fv. 394.

Utover dette har vi ingen merknader til endringane i reguleringsplanen.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Kopi

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN